



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deira ref:
202410893-4

Vår ref:
2025/8954-2
Øystein R. Andersen, Kulturarv/Arkeologi

Dato:
20.05.2025

Svar på høyring: Begrenset høyring - Konsesjonspliktavurdering Torolmen kraftverk - Årdal kommune, Vestland fylke

Bakgrunn

Vi viser til brev motteke 13. mars. På grunn av nærleik til fylkesgrensa og Tyin er saka også sendt på høyring til oss i Innlandet. Opphavleg høyringsfrist var sett til 02.05.2025.

Fylkeskommunen har bede om utsett frist til 20.05.2025, stadfesta av NVE i e-post av 02.05.2025. Bakgrunnen for utsetjinga var ønske om ei avklaring hos Riksantikvaren i tilhøve som ligg til tidlegare konsesjon for Nytt Tyin kraftverk.

Merknader frå Innlandet fylkeskommune – Tilhøvet til kulturminne

Hovuddelen av tiltaka skisserte i søknaden ligg i Årdal kommune og er innanfor Vestland fylkeskommune sitt forvaltningsansvar når det gjeld omsynet til kulturmiljøverdiar. Torolmen skal likevel utnytte fallet mellom Tyin og Torolmen, der førstnemnde i stor grad ligg innanfor Innlandet fylke sine grenser. Kraftverket skal nytte den eksisterande overføringstunnelen mellom dei to vassdraga, etablert i samband med gjeldande konsesjon for Nytt Tyin kraftverk (vedteke i 2001). Vassføringa vil vere styrt av reglane i manøvreringsreglementet for denne konsesjonen. Det kjem ikkje fram av søknaden kva konsekvensar Torolmen kraftverk vil få for vasstanden i Tyin, men sidan kraftverket skal tilpassast gjeldande manøvreringsreglement, går vi ut frå at situasjonen i Tyin i stor grad vil vere slik han er i dag.

Sjølv om hovuddelen av tiltaka vil bli gjennomført på Vestlandssida, kan det vere potensial for nye funn av kulturminne innanfor tiltaksområdet, også på Innlandet si side av fylkesgrensa. Det kan difor vere naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltaka i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. §9 i kulturminnelova (kml).

Uavhengig av om tiltak krev konsesjon eller ikkje, skal tiltakshavar si undersøkingsplikt jf. §9 i kulturminnelova oppfyllest. I samband med undersøkinga kan det vere naudsynt å tilstandsregistrere kjende kulturminne som ligg i den regulerte sona og som er utsette for erosjon.

Vi gjer merksam på at detaljplanen for prosjektet ikkje kan ferdigstillast før den arkeologiske registreringa er gjennomført, og fylkeskommunen har gjeve endeleg kulturminnefagleg uttale til planen. Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som utbygginga kjem i konflikt med, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast for å unngå konflikt med kulturminna. Om det ikkje er mogleg å justere tiltaka for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan ein ved viktige samfunnsmessige tiltak søkje om dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vert i konsesjonssaker gjeven etter §8, 1. ledd. Dette må skje før detaljplanen for prosjektet blir godkjend av NVE.

Tilhøvet til gjeldande konsesjon for Nytt Tyin kraftverk

I tråd med vilkåra i gjeldande konsesjon for Nytt Tyin kraftverk (pkt. 9) skal konsesjonæren innan rimeleg tid oppfylle §§8 og 9 i kulturminnelova. I samband med konsesjonssaka vart det difor i 2001 starta eit større arkeologisk registreringsarbeid rundt Tyin, eit samarbeid mellom Bergen Museum, Kulturhistorisk Museum i Oslo samt Sogn og Fjordane og Oppland fylkeskommunar. Av ulike grunnar vart registreringane stoppa, blant anna i påvente av utarbeidinga av sektoravgiftsordninga. Konsesjonæren, Hydro Energi, valde seinare å stå utanfor sektoravgiftsordninga. Resultatet er at dei arkeologiske registreringane (kml §9) aldri vart tekne opp att og ferdigstilte, og berre delar av etterarbeidet frå den første (av to planlagde) registreringssesongar vart gjennomførte. Tilhøvet til kml §8 er dermed heller ikkje vurdert. Etter vårt skjønn er difor ikkje dette vilkåret i gjeldande konsesjon (pkt. 9) oppfylt.

Torolmen kraftverk vil nytte Tyin som inntaksmagasin. Rundt Tyin er det registrert ei rekke automatisk freda kulturminne, hovudsakleg knytt til jakt og fangst i steinalderen. Det kjem ikkje tydeleg fram av den førelagde søknaden kva konsekvensar Torolmen kraftverk vil ha for vassføringa i Tyin. Potensielt kan endringar i vassføring medføre ytterlegare erosjon og dermed auka slitasje og skade på kulturminne i strandsona. NVE må difor vurdere om denne manglande avklaringa i tilhøvet til kulturmiljøverdiane i gjeldande konsesjon bør få konsekvensar for vurderinga av konsesjonsplikta for Torolmen. Uansett må den manglande avklaringa i tidlegare konsesjon følgjast opp vidare, og Innlandet fylkeskommune vil ta opp dette tilhøvet med konsesjonæren, uavhengig av krav til konsesjonsplikt eller ikkje for Torolmen.

Konklusjon

Uavhengig av om tiltak krev konsesjon eller ikkje, skal tiltakshavar si undersøkingsplikt jf. §9 i kulturminnelova oppfyllest, også for eventuelle tiltak på Innlandet fylke si side av grensa. Detaljplanen for prosjektet kan ikkje ferdigstillast før den arkeologiske registreringa er gjennomført, og fylkeskommunen har gjeve endeleg kulturminnefagleg uttale til planen.

Uavhengig av konsesjonsplikt må også den manglande oppfyllinga av konsesjonsvilkåret i gjeldande konsesjon for Nytt Tyin kraftverk om undersøkingsplikt og dispensasjonsbehandling etter kml §§8 og 9 følgjast opp mot konsesjonæren.

Med vennleg helsing

Anne Terese Engesveen
Seksjonssjef – Kulturarv/Arkeologi

Øystein Rønning Andersen
Seniorrådgivar/arkeolog

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I INNLANDET
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ÅRDAL KOMMUNE
VANG KOMMUNE